

Retningslinjer for såkornmidlar

Retningslinjer for såkornmidlar ved Høgskulen i Volda (HVO)	
Dokumenteigar: Forskingsadministrasjonen	Lagt fram for Forskingsutvalet: 15.4.24 Fastsett av direktør: 18.6.24
Dokumentansvarleg: Forskingsadministrasjonen	Versjon: 1

1 Avgrensing og føremål

Fagleg tilsette i førstestilling ved Høgskulen i Volda kan søkje om såkornmidlar. Føremålet med ordninga er auka forskingsaktivitet ved HVO ved å gi støtte til forskarar som skal utvikle søknader om eksterne midlar til forskingsprosjekt.

2 Om ordninga

Såkornmidlane skal brukast til å utarbeide prosjektsøknader til nasjonale eller internasjonale finansieringskjelder. Støtta skal vere retta mot ei konkret utlysing. Det er høve til å søkje støtte til å forbetre tidlegare innsendte søknader om ekstern finansiering.

3 Vilkår for støtte

- Høgskulestyret fastset årleg budsjetttramme for såkornmidlar. Denne vert styrande for omfanget av ordninga kvart år.
- Støtta skal gi konkrete resultat i form av ein søknad om eksterne midlar til forskingsprosjekt. Ein kan søkje støtte til å forbetre tidlegare innsendte søknader om ekstern finansiering.
- Ein einskild person skal vere prosjektansvarleg.
- Søkjar må ha kompetanse som er i tråd med krava til den eksterne finansieringskjelda.
- Det må argumenterast for korleis fagfeltet til prosjektet passar med dei strategiske måla til avdelinga og HVO.
- Søknaden kan involvere eksterne partnarar, men ansvarleg søkjar må vere tilsett ved HVO.
- Dersom ein søker støtte til å forbetre ein tidlegare innsendt søknad til NFR for tredje gong, vert det stilt krav om gjennomsnittskaraktaren fem.

Søkjar bør delta i ei av høgskulen sine forskingsgrupper og/eller vere aktiv i eit forskingsmiljø. Forskingsutvalet oppmodar søkjarar til tverrfagleg og internasjonalt samarbeid.

Det er ein føresetnad at søknadsarbeidet er godkjent av dekan.

4 Bruk av såkornmidlane

Såkornmidlane skal brukast til å dekke utgifter til søknadsarbeid. Dei mest vanlege kostnadane er knytt til frikjøp av arbeidstid (må vere avklart med næraste leiar), reiseutgifter knytt til samarbeid med partnarar i prosjektet, og andre kostnader til konkrete aktivitetar som vil medverke til å styrke søknaden om ekstern finansiering.

5 Krav til søknaden

Søknaden skal innehalde projektskildring, informasjon om fagleg føremål og relevans, budsjett, og informasjon om utlysinga som er relevant. Maksimalt søknadsbeløp er kr 75 000 per søknad. Søknadsfristen er løpande.

Ein bør søkje såkornmidlar seinast to månader før søknadsfristen på den aktuelle utlysinga.

6 Vurderingskriterium

Målet er at flest moglege søknader vert innvilga. Søknadane vert prioriterte ut frå ei avveging av følgjande kriterium:

- dei som synleggjer prosjektet sin relevans for den konkrete utlysinga ein søker støtte til
- dei som har motteke gode evalueringar/karakterar ved tidlegare innsendte søknader
- søknader retta mot utlysingar som er relevante og strategisk viktige for HVO
- dei som ikkje har motteke såkornmidlar tidlegare
- dei som skal søkje konkrete utlysingar i nær framtid

Normalt kan ein søker få innvilga *éin* søknad om såkornmidlar kvart kalenderår.

7 Dokumentasjon

Søknader om og tildelingar av såkornmidlar vert lagra i det interne arkivsystemet.

Søknader til eksterne finansieringskjelder, svarbrev med evaluering, samt eventuelle kontraktar og rapportar skal arkiverast.

8 Tildeling og utbetaling

Søknader vert handsama fortløpande. Informasjon om budsjetteining kostnadane skal førast på og prosjektnummer, vert formidla i e-post om tildeling av støtte.

9 Sluttrapportering

Det skal sendast inn ein kortfatta rapport om bruken av midlane og oppnådde resultat til Forskingsadministrasjonen. Lenke til rapporteringsskjema vert sendt ut. Rapporten vil verte lagt fram for Forskingsutvalet og resultatata vert omtalt i Forskingsmeldinga og Årsrapporten.

Unytta midlar vil verte trekt inn når søknadsfristen til utlysinga ein skal søkje på er passert.

Søklar er sjølv ansvarleg for å setje seg inn i retningslinjene.